



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3587 - 16/35053

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
23.12.2016

## Løyve til etablering av veg til landbruksføremål gbnr 162/1 Herland

### Administrativt vedtak. Saknr: 614/16

**Tiltakshavar:** Bjarte Vatnøy  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av veg til landbruksføremål på gbnr 162/1.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrsløp. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.11.16 og supplert 24.11.16 og 16.12.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 16.12.16. Fristen for handsaming av søknad er 3 veker frå søknad var komplett.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNFR.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Det vert gjeve fritak for nabovarsling av tiltaket då vegen delvis ligg der i dag.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.09.16.

Vegstyresmakta har i uttale datert den 20.10.16 sagt følgjande:

Statens vegvesen har mottatt søknad datert 7. juni 2016 om ny avkøyrsla på Herland, gnr. 162 bnr. 1 i Lindås kommune. 30. september 2016 fekk vi tilsendt utfyllande dokumentasjon på tiltaket.

Søklar har oppgitt at føremålet med avkøyrsla er landbruk, men at det på sikt kan vere aktuelt å sette opp nytt hus på denne del av eigedomen. Det gamle våningshuset vert i så fall rive.

I følgje våre opplysningar er vegen klassifisert som privat veg. Statens vegvesen / Hordaland fylkeskommune står som grunneigar. Med bakgrunn i at avkøyrsla går ut i privat veg og at det ikkje er søkt om nye bygg på eigedomen, er det ikkje naudsynt å behandle søknaden etter veglova. Dersom det på sikt vert søkt om fleire buelningar på bruket, må ein behandle søknad om utvida bruk av avkøyring til offentleg veg.

Statens vegvesen har ikkje merknad til søknaden som grunneigar.

Vi sender søknad med vedlegg over til Lindås kommune som må behandle søknaden etter plan og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen ber om å få sendt over kommunen sitt vedtak i saka til klagevurdering.

### Tilkomst, avkøyrsla og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkøyrsla til offentlig veg er stadfesta som godkjent av vegstyresmakta i uttale datert 20.10.16.

### Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søklar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **VURDERING**

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for oppføring av veg til landbruksføremål på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.09.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3587**

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjarte Vatnøy

Hagellia 15

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5914

ISDALSTØ